

Iht. adresseliste

VÅR REF: Ingvill Handegård Eikelund
DOKUMENTKODE: 10204851-10-PLAN-PBL-001
TILGJENGELIGHET: Open


Trondheim, 17. mars 2020

PLANOVERGANGSTILTAK VIK (KVAM), NORD-FRON KOMMUNE**Varsel om igangsetting av arbeid med reguleringsplan**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsle at det er sett i gong reguleringsplanarbeid for delar av eigedommane gnr./bnr. 313/10, 325/1, 325/4, 328/5, 328/9, 329/1, 329/9, 329/37, 329/40, 329/41, 329/43, 330/1, 330/2, 411/19. Føremålet med planen er å betre tryggleiken på bane og veg. Det er ønskje om å stenge to usikra planovergangar, samt å oppruste og utvide eksisterande veg med møteplass (ca. 600 m) fram til Industrivegen i nord. Det visast til foreløpig skisse/oversiktsteikning av mogeleg løysing.

Planovergangane i området medfører i dag at toga kører med nedsett hastighet (40 km/t) og at det nye kryssingssporet på Kvam ikkje nyttast i full kapasitet. Det er dårlig sikt ved planovergangen og i tillegg er det ønskjeleg at talet avkørsler til fylkesvegen reduserast. Fylkesvegen tener også som beredskapsveg for E6. På grunn av kort avstand mellom spor og bane, kan det ved stor trafikk på fylkesvegen, vere fare for at lange køyretøy blir ståande i sporet. Det er derfor viktig at planovergangstiltaket vert gjennomført.

Bane NOR er forslagsstillar og Multiconsult er plankonsulent.



Kartutsnittet over viser foreløpig avgrensning av planområdet med svart, stipla linje.

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

Videre planprosess

Dette brevet vert sendt til eideommar innanfor planområdet, eideommar som grensar til planområdet og berørte myndigheter. Dei som ønskjer kan komme med innspel til planarbeidet. Etter at frist for innspel har gått ut, utarbeidar Multiconsult forslag til reguleringsplan på vegne av Bane NOR. Forslagsstiller sitt planforslag vert deretter sendt til Nord-Fron kommune for saksbehandling. Dersom det er politisk semje om planen, vert den sendt på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn. Berørte får varsel med brev om dette og kan komme med merknader innan ein frist på minimum 6 veker. Offentleg ettersyn vert også kunngjort i ei avis og på kommunen sine nettsider.

Innspel til planarbeidet sendast innan 15.04.2020 til:

ingvill.eikelund@multiconsult.no eller

Multiconsult v/ Ingvill H. Eikelund, Pb. 6230 Torgarden, 7486 Trondheim

Spørsmål kan rettast til:

Multiconsult v/ Ingvill H. Eikelund tlf. 90834139, ingvill.eikelund@multiconsult.no

Fleire opplysningar om planarbeidet kan du finne på nett:

<https://www.nord-fron.kommune.no/>. På heimesidene til kommunen kan ein mellom anna finne referat frå oppstartsmøte og planskisse for mogeleg løysing.

Med venleg helsing

Multiconsult

Ingvill H. Eikelund

INGVILL HANDEGÅRD EIKELUND
Arealplanlegger

mobil (+47) 908 34 139 | ingvill.eikelund@multiconsult.no